

**Grunneigarar
Naboar
Offentlege og private høyringsinstansar**


Dykkar ref.:

Vår ref.: Jan Magnus Ose

Utvida varsel om oppstart av planarbeid og forhandlingar om utbyggingsavtale vedk. «Detaljregulering for Brekkane» i Hareid kommune - planID: 20180002.

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 varslar ein med dette oppstart av arbeid med detaljregulering for Brekkane (tidlegare kalla «detaljregulering for gbnr.41/42 m.fl») i Hareid kommune. Ein varslar samstundes i medhald av Pbl § 17-4 om at det vert innleidd forhandlingar om utbyggingsavtale for området. Tiltaket er varsla tidlegare, men grunna behov for utvida plangrense går dette varslingsbrevet til grunneigarar og naboar som blir berørt av utvidinga, samt til offentlege og private høyringsinstansar. Arbeidet medfører endring av delar av gjeldande reguleringsplan – jfr. kap.2.7 i vedlagte planinitiativ (vedlegg nr.6).

Planområdet



Figur 1 Lokalisering av planområdet

Opprinneleg planområde på 39,5daa er no utvida til om lag 61daa. Området ligg ca 400m vest for rundkøyringa i Hareid sentrum, og grensar mot Fv.61/Hareidsvegen i sør og etablert bustadfelt i nord – jfr. kap.2.2 i vedlagte planinitiativ (vedlegg nr.6).

Formål

Målet med planarbeidet er å utvikle eit sentrumsnært og attraktivt bustadfelt for frittliggande og konsentrert småhusbusetnad. I tillegg ønskjer kommunen at det vert lagt til rette for ny vegforbindelse mellom Drammensvegen i aust og Reiten i vest og at ein set av areal til offentleg tenesteyting. Saman med kommunen har ein i samsvar med Pbl § 4-2 vurdert planforslaget til ikkje å skulle konsekvensutgreiast.

Planstatus

For hovuddelen av planområdet er det reguleringsplanen for Rima-Brekkane-Gjerde (planID: 19740003) som gjeld. Unntaket er eit område T1 i vest som i gjeldande kommuneplan er avsett til offentleg/privat tenesteyting. Her er det kommuneplanen som gjeld – jfr. kap.2.7 i planinitiativet.

Plangrense

Planområdet på ca 61 daa er vist i vedlegg nr.1 saman med opprinneleg plangrense, men kan bli justert undervegs. Omtale av plangrensa framgår forøvrig av kap.2.2 i planinitiativet.

Forslagsstillar og planleggjar

Forslagsstillar: Trelast AS, Strandgata, 6060 Hareid
Plankonsulent: Per Mulvik AS, Holmen 7, 6100 Volda

Informasjon og medverknad

For informasjon undervegs i planarbeidet kan ein kontakte:

- Per Mulvik AS v/Jan Magnus Ose - tlf.: 70074994 – e-post: jan@mulvik.no.
- Trelast AS v/Terje G. Balsnes – tlf.: 94262699 – e-post: tgb@trelast-as.no
- Hareid kommune v/Silja Øvrelid - tlf.: 98419650 – e.post: silja.ovrelid@hareid.kommune.no

Oppstartsvarselet er også lagt ut på kommunen si heimeside www.hareid.kommune.no

Merknader til oppstartsmeldinga

Eventuelle merknader/innspeil til planarbeidet merkast med «planID: 1517-20180002» og sendast enten som e-post til jan@mulvik.no eller som brev til: Per Mulvik AS, Holmen 7, 6100 Volda

Innkomne merknader vert saman med planframlegget sendt til kommunen for handsaming og utlegging til offentleg ettersyn. Ein treng difor ikkje sende kopi av merknaden til kommunen.

Frist for merknader: 08.07.2019.

Vidare saksgang

Etter at merknadsfristen er ute, vert planframlegget utarbeidd og innsendt til Hareid kommune for handsaming. Etter første gangs handsaming og eventuelle justeringar legg kommunen planen ut til offentleg ettersyn. Det vert då høve til å kome med merknader og innsigelsar mot planframlegget før vidare politisk handsaming med sikte på endeleg godkjenning.

Mvh
For Per Mulvik AS



Jan Magnus Ose
Planleggjar

Vedlegg:


- 1) Oversiktskart 1:10000
- 2) Plangrense 1:2500
- 3) Ortofoto 1:2500
- 4) Reguleringsplanar 1:2500
- 5) Kommuneplan 1:2500
- 6) Planinitiativ m.vedlegg (justert etter oppstartsmøte)
- 7) Referat frå oppstartsmøte
- 8) Saksframlegg og vedtak i FSK

Kopi til: (svart tekst=mottakar av utvida varsel. Grå tekst=varsla tidlegare og mottar ikkje utvida varsel)

Namn	Adresse	Poststad	Gnr/bnr
BEKKEMELLEM MARIUS	HOLANE 5	6060 HAREID	46/110/0/2
BRANDAL HONORA	DRAMMENSVEGEN 37	6060 HAREID	41/775/0/5
BRANDAL UNNI GRØNBECH	BREKKANE 8	6060 HAREID	41/426/0/6
BREKKE PER-JOHAN S	ORDERUDLIA 22	1920 SØRUMSAND	41/339
BREKKE TORHILD	BREKKANE 32	6060 HAREID	41/2
BREKKE WENCHE SCHJELDERUP	BEKKEVEIEN 9	0667 OSLO	41/339
BØ REIDUN GUNDERSEN	HOLANE 11	6060 HAREID	46/110/0/4
DIMMEN PER	BREKKANE 32	6060 HAREID	41/2
DRAGNES LINN-ANETT	BREKKANE 28	6060 HAREID	41/405
DYB STIAN ELIAS	DRAMMENSVEGEN 25	6060 HAREID	41/311
DYBHAVN EVA	POSTBOKS 101	6069 HAREID	46/9
DYBHAVN EVA	POSTBOKS 101	6069 HAREID	46/26
EDVARDESEN SYLVI ASTRI	NYLENNAKROKEN 21	1920 SØRUMSAND	41/339
EKORNÅS RAGNHILD I RØREN	DRAMMENSVEGEN 41	6060 HAREID	41/775/0/6
ERSTAD PETTER JARLE	REITEN 53	6060 HAREID	41/252
FINVIK ØYVIND	DRAMMENSVEGEN 27	6060 HAREID	41/775/0/3
GISKE TATIANA	HOLANE 7	6060 HAREID	46/110/0/5
GISKE TORE	FREDSÆLA 12	6060 HAREID	46/110/0/5
GJERDE ODDRUN	DRAMMENSVEGEN 29	6060 HAREID	41/775/0/1
GRIMSTAD ARNE EIVIND	BREKKANE 8	6060 HAREID	41/426/0/7
GRIMSTAD KRISTOFFER I	DRAMMENSVEGEN 39	6060 HAREID	41/775/0/8
GRIMSTAD LIDVAR	BREKKANE 12	6060 HAREID	41/1
GRIMSTAD LIDVAR	BREKKANE 12	6060 HAREID	41/1296
GRIMSTAD STEINAR	BREKKANE 8	6060 HAREID	41/426/0/5
HADDAL NANSY PILSKOG	REITEN 15	6060 HAREID	41/4
HADDAL NANSY PILSKOG	REITEN 15	6060 HAREID	41/884
HAJIMATOVA LUTFIYA A	DRAMMENSVEGEN 23	6060 HAREID	41/341
HAJMATOV HATAM J	DRAMMENSVEGEN 23	6060 HAREID	41/341
HAMMERVOLD ENDRE	BREKKANE 26	6060 HAREID	41/137
HAMMERVOLD ENDRE	BREKKANE 26	6060 HAREID	41/251

HANSEN KARI MARI	REMA	6060 HAREID	41/42
HANSEN KARI MARI	REMA	6060 HAREID	41/585
HANSEN TORE MARTIN	HOVSETGJERDE 26, U.ETASJE	6065 ULSTEINVIK	41/775/0/2
HAREID KOMMUNE	Rådhusplassen 5	6060 HAREID	41/640
HAREID KOMMUNE	Rådhusplassen 5	6060 HAREID	41/867
HAREID KOMMUNE	Rådhusplassen 5	6060 HAREID	41/1138
HAREID KOMMUNE	Rådhusplassen 5	6060 HAREID	41/1149
HAREIDE EVA TENIRA SAUNES	DRAMMENSVEGEN 31	6060 HAREID	41/775/0/4
HARKJERR BJØRN HARALD	DRAMMENSVEGEN 21	6060 HAREID	41/172
HARKJERR BJØRN HARALD	DRAMMENSVEGEN 21	6060 HAREID	41/267
HASUND BENTE	REITEN 4	6060 HAREID	46/100
HELSET STEIN MORTEN	HOLANE 3	6060 HAREID	46/110/0/6
HOLSTAD ARNE	TEIGEVEGEN 55	6060 HAREID	41/426/0/3
HOLSTAD NILS	BJØRNDALVEGEN 14	6065 ULSTEINVIK	46/89
HOLSTAD OLOW	ØVREVEGEN 147	6710 RAUDEBERG	41/42
HOLSTAD OLOW	ØVREVEGEN 147	6710 RAUDEBERG	41/607
HOLSTAD SKJALG MAGNUS	HAREIDSVEGEN 55	6060 HAREID	41/42
HOLSTAD SKJALG MAGNUS	HAREIDSVEGEN 55	6060 HAREID	41/483
HOLSTAD TURID TEIGENE	BREKKANE 6	6060 HAREID	41/426/0/3
HOWLID BRIT KAREN GRØNDAL	REITEN 15	6060 HAREID	41/4
HOWLID BRIT KAREN GRØNDAL	REITEN 15	6060 HAREID	41/884
HOWLID EILIV TORE	REITEN 15	6060 HAREID	41/4
HOWLID EILIV TORE	REITEN 15	6060 HAREID	41/884
HOWLID EILIV TORE	REITEN 15	6060 HAREID	41/1245
HUSØY ARILD	BREKKANE 6	6060 HAREID	41/426/0/1
HUSØY MARGRETE SUNDGOT	BREKKANE 6	6060 HAREID	41/426/0/1
JUUL-GRIMSTAD DAGNY K	BREKKANE 22	6060 HAREID	41/636
JUUL-GRIMSTAD TERJE	BREKKANE 22	6060 HAREID	41/636
JØRANLI EVA BRITT G	DRAMMENSVEGEN	6060 HAREID	41/701
JØRANLI EVA BRITT G	DRAMMENSVEGEN	6060 HAREID	41/1163
KARLSBAKK JOAKIM	BREKKANE 28	6060 HAREID	41/405
KATASONOV-SKORGEN LEO V	BREKKANE 8	6060 HAREID	41/426/0/8
KVALSVIK REMI PEDERSEN	REITEN 1	6060 HAREID	41/228
LONGVA METTE CATHRIN	HOLANE 1	6060 HAREID	46/110/0/3
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404 MOLDE	41/1095
MØRENETT AS	Langemyra 6	6160 HOVDEBYGDA	41/392
RISE EVEN	DRAMMENSVEGEN 28	6060 HAREID	41/1206
RISE TOVE ELIN GJERDE	DRAMMENSVEGEN 28	6060 HAREID	41/1206
RØYSET TONJE HAREIDE	BREKKANE 26	6060 HAREID	41/137

RØYSET TONJE HAREIDE	BREKKANE 26	6060 HAREID	41/251
RØYSET ØRJAN	HOLANE 9	6060 HAREID	46/110/0/1
SMØRDAL BODIL	BREKKANE 20	6060 HAREID	41/684
SMØRDAL SVEIN BJARNE	BREKKANE 20	6060 HAREID	41/613
STATENS VEGVESEN REGION MIDT	Fylkeshuset	6404 MOLDE	41/1095
SØRHEIM KARI BRITT	TEIGEVEN 55	6060 HAREID	41/426/0/2
SØRHEIM STEINAR	TEIGEVEN 55	6060 HAREID	41/426/0/2
TEIGENE BENTE	DRAMMENSVEGEN 35	6060 HAREID	41/775/0/7
WORREN ANN HELEN GRIMSTAD	BREKKANE 18	6060 HAREID	41/1159
WORREN PAUL MAGNE	BREKKANE 18	6060 HAREID	41/1159
ØIESTAD ANNA HJELLE	TYRIHANSVEIEN 30 B	0851 OSLO	41/426/0/4
ØIESTAD SARA HJELLE	TOFTES GATE 68 B	0552 OSLO	41/426/0/4
Offentlege/private høyringspartar		E-post	
Fylkesmannen i Møre og Romsdal		postmottak@fmmr.no	
Møre og Romsdal fylkeskommune		post@mr fylke.no	
Statens vegvesen Region Midt		firmapost-midt@vegvesen.no	
NVE-Region Vest		rv@nve.no	
Mørenett AS		post@morenett.no	
Barnerepresentanten i Hareid kommune v/Eivind Longva		eivind.longva@hareid.kommune.no	
Eldrerådet v/Asbjørn Vatne		asbjo-v@online.no	
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne v/Else Gjerde		else.gjerde@hotmail.com	
Landbrukskontoret		landbruk@heroy.kommune.no	
Sektor for læring og kultur, Hareid kommune		eivind.longva@hareid.kommune.no	
Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS		firmapost@reinholdsværket.no	



0,5 0 0,25 0,5 Kilometers

ETRS_1989_UTM_Zone_32N


1: 10 000



Kartutskrift fra www.GisLink.no

Kartgrunnlag: Norge Digitalt og Geovekst
 Dette er et brukergenerert statisk kart fra www.GisLink.no og skal kun brukes som referanse. Vi kan ikke garantere at kartdata som vises på dette kartet er nøyaktige.

SKAL IKKE BRUKES TIL NAVIGASJON



0,1 0 0,06 0,1 Kilometers

ETRS_1989_UTM_Zone_32N

1: 2 500



Kartutskrift fra www.GisLink.no

Kartgrunnlag: Norge Digitalt og Geovekst
 Dette er et brukergenerert statisk kart fra www.GisLink.no og skal kun brukes som referanse. Vi kan ikke garantere at kartdata som vises på dette kartet er nøyaktige.

SKAL IKKE BRUKES TIL NAVIGASJON



0,1 0 0,06 0,1 Kilometers

ETRS_1989_UTM_Zone_32N


1: 2 500



Kartutskrift fra www.GisLink.no


Kartgrunnlag: Norge Digitalt og Geovekst
Dette er et brukergenerert statisk kart fra www.GisLink.no og skal kun brukes som referanse. Vi kan ikke garantere at kartdata som vises på dette kartet er nøyaktige.

SKAL IKKE BRUKES TIL NAVIGASJON



A=60893m2

Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato
Firma Firma: Per Mulvik AS Adresse: Holmen 7 Postnr./stad: 6100 Volda Org.nr.: 941 987 516 Sentral: 70 07 49 90 Direkte: 70 07 49 94 E-post: jan@mulvik.no			
Prosjektnavn: 2816 Detaljregulering gbnr.41/42 m.fl. - Hareid			
Oppdragsgivar: Trelast AS Strandgata 6060 Hareid			
Prosjekterande: 			
Tittel: Vedl.04: Reguleringsplanar		Teikna av: JMO Dato: 23.05.19 Kontr.av: Dato: Erstattar teikn.:	
Teikningstype: UTVIDA VARSEL OM PLANOPPSTART			
Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2816	931	1:2500	



0,1 0 0,06 0,1 Kilometers

ETRS_1989_UTM_Zone_32N

1: 2 500



Kartutskrift fra www.GisLink.no

Kartgrunnlag: Norge Digitalt og Geovekst
Dette er et brukergenerert statisk kart fra www.GisLink.no og skal kun brukes som referanse. Vi kan ikke garantere at kartdata som vises på dette kartet er nøyaktige.

SKAL IKKE BRUKES TIL NAVIGASJON

FORSLAGSSTILLARAR:
- TRELAST AS

PLANINITIATIV:

FRAMLEGG TIL:

Detaljregulering for Brekkane – Hareid kommune

PlanID: 1517-20180002

Dato: 29.11.2018

Rev.: 23.05.2019



Innhold	
1	INNLEIING 1
1.1	Forslagsstillar 2
1.2	Eigarforhold 2
1.3	Plankonsulent 2
1.4	Tidlegare møte/korrespondanse i saka 2
2	PLANINITIATIV 2
2.1	Målet med planen 2
2.2	Planområdet og om planarbeidet får verknader utanfor planområdet 2
2.3	Planlagd busetnad, anlegg og andre tiltak 3
2.4	Utbyggingsvolum og byggjehøgder 4
2.5	Funksjonell og miljømessig kvalitet 4
2.6	Tiltaket sin verknad på og tilpassing til landskap og omgjevnader (stadanalyse) 4
2.7	Tilhøve til kommuneplan, eventuelt gjeldande reguleringsplanar og retningslinjer, og ev. pågåande planarbeid. 5
2.8	Vesentlege interesser som vert råka av planarbeidet. 6
2.9	Korleis samfunnstryggleik skal ivaretakast m.a ved å førebyggje risiko og sårbarheit. 6
2.10	Råka offentlege instansar og andre interesserte som skal varslast om oppstart. 6
2.11	Prosessar for samarbeid og medverknad frå råka fagmynde, grunneigarar, festarar, naboar og andre. 7
2.12	Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing og korleis ivareta ev. krav. 7
2.13	Oppsummering/konklusjon 7

Vedlegg:

1. 2816_911 Plangrense

1 INNLEIING

Etter første gangs varsel om oppstart av planarbeid, har ein funne behov for utviding av planområdet. Framlegg til ny plangrense vart einstemmig vedtatt i FSK 06.05.2019 – jfr. vedlagte referat – og som følgje av dette er planinitiativet revidert og vedlagt utvida varsel om planoppstart som går til offentlege og private instansar samt andre som blir berørt av utvidinga. Øvrige naboar/grunneigarar vert ikkje varsla på nytt.

Trelast AS erfarer stor etterspurnad etter frittliggande og kjeda småhus/einebustadar. I lys av dette ønskjer ein difor å starte reguleringsarbeid av gbnr.41/42 m.fl for å kunne tilby eit større og meir variert utval av sentrumsnære bustadar i Hareid – både som konsentrert og frittliggande.

I samsvar med §12-8 i «Plan- og bygningslova», samt §1 i «Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven» vart det utarbeidd framlegg til planinitiativ som grunnlag for oppstartsmøtet. Denne reviderte utgåva er tilpassa moment som kom fram i oppstartsmøtet, i seinare avklaringar med kommune og forslagsstillar, og til sist i vedtak frå formannskapet om utvida planområde.

Kommunen har tildelt plannamnet «Detaljregulering for Brekkane» og planID 1517-20180002.

1.1 Forslagsstillar

- Trelast AS, Strandgata, 6060 Hareid ved:
 - o Terje G. Balsnes – tlf. 94262699 – tgb@trelast-as.no

1.2 Eigarforhold

- Gbnr. 41/1: Lidvar Grimstad, Brekkane 12, 6060 Hareid
- Gbnr. 41/2: Torhild Brekke og Per Dimmen, Brekkane 32, 6060 Hareid
- Gbnr. 41/4: Brit K.G. Howlid, Reiten 15, 6060 Hareid
- Gbnr. 41/42: Kari M. Hansen, Rema, 6060 Hareid
Olow Holstad, Øvrevegen 147, 6710 Raudeberg
Skjalg M. Holstad, Hareidsvegen 55, 6060 Hareid
- Gbnr. 41/607: Olow Holstad, Øvrevegen 147, 6710 Raudeberg

1.3 Plankonsulent

- Per Mulvik AS, Holmen 7, 6100 Volda ved:
 - o Jan Magnus Ose – tlf. 70074994 – jan@mulvik.no

1.4 Tidlegare møte/korrespondanse i saka

- Møte mellom forslagsstillar og kommunen: 29.10.2018.
- Tildeling av planID 1517-20180002 pr. e-post av 31.10.2018
- Oppstartsmøte: 10.12.2018.
- Vedtak i FSK om utvida planområde: 06.05.2019


2 PLANINITIATIV

2.1 Målet med planen

- Utvikle eit sentrumsnært og attraktivt bustadfelt for frittliggande småhus og einébustader som er etterspurt i marknaden, etablere ny vegløyising og setje av areal til offentleg tenesteyting.

2.2 Planområdet og om planarbeidet får verknader utanfor planområdet

- Plangrensa er vist i vedlegg nr.1 og utgjer etter utvidinga ca 60,9 daa med slik avgrensing:
 - o Mot nord er plangrensa hovudsakleg samanfallande med formålsgrensa i arealdel av kommuneplan, med noko utviding i austre del m.o.t frisisiktsoner. Mot «Reiten» i vest er plangrensa lagt i regulert senterlinje (planID 20070004: Trafikkregulering Holstad)
 - o Frå vest mot aust følgjer så plangrensa formålsgrenser i gjeldande plan (20070004). Vidare austover mot gbnr.41/42 langs grense for regulert vegformål i framlegg til ny reguleringsplan for Fv61/Hareidsvegen. Forbi 41/42 er grensa lagt langs forslag til regulert GS-veg med overgang/tilpassing til opparbeidd GS-trasè fram til gbnr.41/585. Kommunen har sjølv under omregulering dette området med formål å fjerne regulert undergang og tilpasse regulert GS-veg til faktiske plassering. Dei to planforslaga vil overlape kvarandre her.
 - o Vidare følgjer plangrensa teiggrensa rundt gbnr.41/585 for så å gå nordover i skiljet mellom analog og digitalisert del av reg.plan Rima-Brekkane-Gjerde opp til den på nytt møter tiltenkt vegformål. Så går grensa austover langs denne mot «Drammensvegen» og tilpassing der til gjeldande reguleringsplan i nødvendig utstrekning m.o.t frisisiktsoner.
- Verknader utanfor planområdet:
 - o Tilkomst til planområdet via ny veg tilknytt Reiten i vest og Drammensvegen i aust.
 - o Ny tilkomst til gbnr. 41/42, 41/483 og 41/585 frå denne vegen då ein føreset sanering av dagens avkøyrsløse frå Hareidsvegen.
 - o Noko trafikkauke i nedre del av Reiten og Drammensvegen må påreknast.
 - o Noko redusert utvidingsareal til skuleområde (offentleg bebyggelse) i aust, men innanfor det kommunen har satt som minstekrav.



Figur 2.2: Planområdet med gjeldende reguleringsplanar

2.3 Planlagt busetnad, anlegg og andre tiltak

- Busetnad:
 - o Ein ønskjer å legge til rette for frittliggande einebustader øvst i feltet (mellom ny veg og eksisterande busetnad), så ein kombinasjon av einebustadar i rekke og 2-mannsbustadar elles i feltet. Ein ønskjer i utgangspunktet ikkje å regulere til større fleirleiligheitsbygg.
 - o Garasje planleggast som frittliggande eller integrert i bustadbygg.
- Renovasjon:
 - o Renovasjonsløyising blir valgt i samråd med SSR. Ein legg til grunna at det blir avsett eige område for renovasjon som nedgravd løyising sentralt i feltet.
- Køyreveggar:
 - o Etter kommunen sitt ønskje vert det regulert inn ny køyreveg med einssidig fortau mellom vegen Reiten i vest og Drammensvegen i aust. Normalprofil er avklart med kommunen.
 - o Interne veggar forøvrig dimensjonerast med 3,5m asfaltdekke, 2x0,25m grusskulder og 2x1,5m annan veggrunn der ikkje anna vert avtalt med kommunen.
 - o Eksisterande avkøyrsløse frå Hareidsvegen vert stengd for biltrafikk men vidareført som gang- og sykkelveg. Gbnr. 41/42, 483 og 585 vert tilknytt det nye vegsystem.
- Leikeplassar:
 - o Det vert avsett eigne område for nærleikeplassar i samsvar med Fylkesmannen sine råd i plansaker.
 - o Kvartalsleikeplassar er føresett dekt innanfor skuleområdet som grensar til planområdet.
- Offentleg/privat tenesteyting:
 - o I samsvar med vedtak i FSK vert det avsett 15 daa til offentleg tenesteyting – herav 10 daa til barnehageføremål og 5 daa til velferdsføremål. Areal treng ikkje vere i tråd med område T1 i kommuneplanen, men må vere føremålstenleg og avsett innanfor planområdet. Administrasjonen vil i samråd med forslagsstillar vurdere kvar og kva areal som er føremålstenleg til barnehage og velferd.

2.4 Utbyggingsvolum og byggjehøgder


- Terrenget er flatt, og innbyr ikkje til «høgbygg». Volum og høgder vert regulert gjennom byggegrenser, utnyttingsgrad og maksimal møne- og gesimhøgde i høve gjennomsnittleg terrengnivå.
- I bustadfeltet legg ein opp til bustadar med inntil to etasjar, og vil også vurdere bustadar i berre ein etasje der dette synest naturleg eller nødvendig. Kan m.a vere aktuelt nærast Hareidsvegen.
- Område avsett til offentleg/privat tenesteyting vert detaljert i samarbeid med kommunen.

2.5 Funksjonell og miljømessig kvalitet

- Ein legg opp til ein variasjon av moderne og funksjonelle bustadbygg av høg kvalitet.
- Topografien legg elles godt til rette for at krav om tilgjengeleg buening i samsvar med Tek17 §12-2 kan imøtekomast og at kundar i ulike livsfasar og med ulikt funksjonsnivå dermed kan finne ein bustad som passar for seg.

2.6 Tiltaket sin verknad på og tilpassing til landskap og omgjevnader (stadanalyse)

- Terrenget i planområdet er i hovudsak dyrkamark med svak helling mot sør/søraust tilrettelagt for ei utbygging utan store terrenginngrep – jfr. landskapsanalysen nedanfor. Vegtraseen vert tilpassa terrenget og lagt ved foten av hellinga i nordre del av planområdet.



Figur 2.6.1 Landskapsanalyse/helningsskema


- Bebyggelsen i og rundt planområdet består hovudsakleg av romslege tomter med frittliggande einestadadar i 1,5 - 2 etasjar. Ny bebyggelse vil få eit moderne uttrykk, men i form og volum spele på lag med den eksisterande busetnaden.
- Gjennom god terrengtilpassing og lav bygningshøgde (maksimalt to etasjar) vil eksisterande busetnad sine sol- og utsiktsforhold i liten grad bli påverka av utbygginga. Det vil bli utarbeidd sol-/skuggeanalyse som syner verknadane.
- Sentralt i feltet ligg eit gardstun der store delar av bygningsmassen er føresettt rive.



Figur 2.6.2 Ortofoto med plangrense

2.7 Tilhøve til kommuneplan, eventuelt gjeldande reguleringsplanar og retningslinjer, og ev. pågåande planarbeid.

- Kommuneplan:
 - o Med unntak av område T1, er arealdelen av kommuneplanen unntatt rettsverknad for planområdet. T1 er avsett til offentlig/privat tenesteyting som t.d omsorgsbustadar, barnehage eller skuleformål og utgjer ca 20 daa. Av dette har FSK vedtatt at 15 daa skal regulerast som offentlig/privat tenesteyting medan det overskytande kan omdisponerast.
 - o Trasè for ny offentlig tilkomstveg inn i feltet vil gå gjennom T1 og sikre tilkomst til området ved ei eventuell framtidig utbygging.



Figur 2.7.1 Utsnitt av kommuneplanen sin arealdel (skravert område unntatt rettsverknad)

- Reguleringsplan:
 - o For resten av planområdet gjeld følgjande reguleringsplanar:
 - Rima-Brekkane-Gjerde (planID: 19740003).
 - Trafikkregulering Holstad (planID: 20070004).
 - Rv61 Hareid sentrum (planID: 19980002)
 - (Pågåande regulering av Hareidsvegen/Fv61)
 - o Planområdet omfattar noko regulert landbruksområde i vest, friområde i nord og delar av offentlig/privat tenesteyting i aust og vest. Delar av dette vil bli omregulert til anna formål.
 - o Noko av arealet som i gjeldande plan er avsett til offentlig formål, vert omregulert til veg- og bustadformål. I samråd med kommunen er omdisponeringa imidlertid avgrensa slik at det står att ca 30daa samla areal til offentlig formål ved skulen og 15daa i vest (T1).



Figur 2.7.2 Utsnitt av gjeldande reguleringsplanar

2.8 Vesentlege interesser som vert råka av planarbeidet.

- o Det vil bli noko meir trafikk i nedre del av gatene Reiten i vest og Drammensvegen i aust.
- o Noko redusert areal til offentlig/privat tenesteyting, landbruk og friområde i høve gjeldande reguleringsplan. Denne omdisponeringa er imidlertid godkjent av FSK – sjå vedlegg.

2.9 Korleis samfunnstryggleik skal ivaretakast m.a ved å førebyggje risiko og sårbarheit.

- o Som del av planarbeidet blir det utarbeidd ein ROS-analyse basert på fylkesmannen si sjekklister.
- o Foreløpige vurderingar viser m.a at planområdet – slik som heile Hareid sentrum - ligg i sona for marine strandavsetningar med potensiale for ustabil byggegrunn. Dette har vore og vil bli gjenstand for nærare avklaringar i plansaka.
- o SVV sine støyvarselkart syner elles at delar av området er utsett for vegtrafikkstøy. Her vil det bli utarbeidd ein støyrapport med innarbeiding av eventuelle tiltak i plan.

2.10 Råka offentlege instansar og andre interesserte som skal varslast om oppstart.

- o Plangrensa er avklart med kommunen som utfrå denne har tildelt plankonsulenten liste over naboar, gjenbuarar og offentlege/private instansar som skal varslast. Utvida varsel vert sendt til offentlege og private instansar, men kun til dei grunneigarar og naboar som

- blir berørt av sjøve utvidinga. Dei øvrige vert ikkje varsla på nytt.
- Ved første varsel vart det også annonsert i lokalavisa, men i samråd med kommunen blir ikkje utvida varsel annonsert.
 - Ein varslar elles igjen om at det vert innleidd forhandlingar om utbyggingsavtale for området i samsvar med Pbl § 17-4.
 - Merknadsfrist settast til minimum 4 veker.

2.11 Prossesar for samarbeid og medverknad frå råka fagmynde, grunneigarar, festarar, naboar og andre.

- Formell saksgang iht. reglane i plan- og bygningslova sikrar at kravet om medverknad vert ivareteke gjennom lovfesta høyringar og offentleg ettersyn. Utover dette legg ein opp til fortsatt dialog med kommunen i høve veg- og VA-infrastruktur m.m.

2.12 Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing og korleis ivareta ev. krav.

- Tiltaket er på nytt vurdert opp mot §10 i forskrifta om konsekvensutgreiing. Sidan tiltaket i det alt vesentlege følgjer opp intensjonen i gjeldande reguleringsplan og kommuneplan – er det vår og kommunen si vurdering av tiltaket ikkje har verknader som krev konsekvensutgreiing.

2.13 Oppsummering/konklusjon

Planinitiativet er revidert etter oppstartsmøte, første varsel om oppstart og vedtak i FSK om utvida planområde, og legg føringar for det vidare planarbeidet. I samråd med kommunen har ein valt å utelate skisser og illustrasjonar som vart lagt fram i oppstartsmøtet då desse lett kan bli oppfatta som bindande for utforming av planframlegget.



A		Utvrida planområde	JMO	23.05.19
Revision		Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato
Firma		Firma: Per Mulvik AS Adresse: Holmen 7 Postnr./stad: 6100 Volda Org.nr.: 941967516	Sentral: 70 07 49 90 Direkte: 70 07 49 94 E-post: jan@mulvik.no	
Prosjektnavn:		2816 Detaljregulering for Brekkane		
Oppdragsgivar:		Trelast AS Strandgata 6060 Hareid		
Prosjektleder:		www.mulvik.no		
Tittel:		Telkna av: JMO Dato: 13.01.19 Kontr.av: Dato: Erstatter tekn.:		
Teikningstype:		PLANOPPSTART		
Prosjektnr.:	2816	Telk.nr.:	911	Malesstokk: 1:2500
Rev.	A			



Referat frå oppstartsmøte i plansaker

Plan ID/Saksnummer: 20180002 – 2018/2240	
Møtestad: Hareid Rådhus	Møtedato: 10.12 2018
Deltakarar:	Frå kommunen: Silja Øvrelid (plan og byggesak), Christina Steffenssen (kommunalteknikk), Jostein Hånes (oppmåling) Frå forslagsstillar: Jan Magnus Ose (Plankonsulent, Per Mulvik AS), Terje Giskeødegård Balsnes (Trelast AS), Leidulv Hareide (Trelast AS) Andre:

1. Planføresetnadar
Plantype: Detaljregulering
Gards- og bruksnummer som er omfatta: 41/1, 41/2, 41/4, 41/42 og 41/607
Samsvar med gjeldande planar: Delar av planområdet er i dag ikkje detaljregulert. Det som er detaljregulert er i all hovudsak regulert til offentleg føremål, bustad føremål og landbruk. Kommuneplanen er i all hovudsak likelydande, unntaket er at ein større del av planområdet er avsett til offentleg føremål i kommuneplan enn kva det er i detaljplan.
Namn på planen: Forslag frå forslagsstillar: «Detaljregulering for gbnr. 41/42 m.fl. – Hareid kommune.» Kommunen føreslår at namnenemnda får velje namn på planen, og då eit stadnamn. Innspel frå forslagsstillar: Rima og Brekkane.
Avgrensing av planområdet: Planavgrensing vert omtrent som i oversendt vedlegg, unntaket er ei lita utviding mot nord for å regulere vekk dei små flekkane med offentleg føremål. Mindre utviding av planavgrensing i forbindelse med krysset i vest, for å rydde opp i plantekniske førehald.
Pågåande planarbeid i området: Ingen innanfor planavgrensing. Det går føre planarbeid på motsett side av fylkesvegen (Hareidsmyrane Nord 2 – PlanID 20160006).
Utløyser planen krav om konsekvensutgreiing? (PBL § 4-2): Nei
Utløyser planen krav om planprogram? (PBL § 4-1): Nei

2. Mål for planarbeidet:

Utvikle eit sentrumsnært og attraktivt bustadfelt for frittliggande småhus/einebustadar og konsentrert småhusbebyggelse som er etterspurt i marknaden.

Frittliggende bebyggelse: Eneboliger og horisontalt og vertikalt delte tomannsboliger.

*Konsentrert småhusbebyggelse: Småhus, **sammenbygd i kjeder eller rekker**, med inntil tre målbare plan, der bygningens høyde faller innenfor høydene som er angitt i pbl. § 29-4.*

3. Lokale føreskrifter:

Føresegner i kommuneplanen sin arealdel:

- 3.1.1 Krav om reguleringsplan: Tiltak etter PBL kan ikkje finne stad før detaljregulering har funne stad. Dette vil no skje, sjølv om reguleringsplanen ikkje er i tråd med føremålet for området T1 i kommuneplan. Reguleringsendringa er å rekne som ein «dispensasjon» for føremålet. Dette utløyser likevel ikkje krav om konsekvensutgreiing etter kommunen og forslagsstillar si vurdering.
- 3.1.2 Utbyggingsavtalar: I plan- og byggjesaker det utbygginga omfattar 10 eller fleire bustadeiningar og/eller omfattar meir enn 1000 m2 BRA skal det inngåast utbyggingsavtale mellom kommunen og utbyggjar i samsvar med kommunen sine vedtekne retningslinjer for bruk av slike avtalar. Oppstartsmøte for utbyggingsavtale vil skje i same oppstartsmøte som for plan.
- 3.1.3 Risiko og sårbarheit
- 3.1.4 Krav om rekkjefølgje
- 3.2.1 Grad av utnytting: %BYA og utbyggingshøgde skal fastsettast i reguleringsplan. Sjå paragraf for meir utfyllande informasjon om føringar.
- 3.2.2 Krav om utforming og lokalisering av bygg og anlegg. Her er støy særleg viktig å ta omsyn til.
- 3.2.3 Krav til uteareal: likelydande med Fylkesmannen sine leikeplassråd.
- 3.2.4 Parkering

Parkeringsvedtekt: Ikkje aktuelt, kommuneplanen gjeld her.

Gebyrregulativ: https://lovdata.no/dokument/OV/forskrift/2017-12-19-2511/KAPITTEL_2#KAPITTEL_2

4. Krav til kart/planframstilling og varsling

Forslagsstillar er gjort kjend med krav til utforming av planomtale, plankart og føresegner JA

1. Plankart på PDF-format i M 1:1000 og SOSI-format på ein til kvar tid gjeldande versjon (jf. Statens kartverk).	
2. Planomtale i PDF-format og reguleringsføresegner i PDF- og Word-format.	
3. Utfylt og underteikna ROS-skjema (risiko og sårbarheitsanalyse)	
4. Førehandsvarsling: Oppstart av planarbeidet skal førehandsvarslast	(kopi av varslingsbrev og varslingsliste skal leverast)

(PBL § 12-8) med annonse i minst 1 avis lest på staden og gjennom elektroniske media. Varsling i eige skriv til offentlege myndigheiter, aktuelle grunneigarar og naboar med meir. (Sjå PBL § 12-8).	
5. Illustrasjonsmateriale	Det vert ikkje stilt krav om illustrasjonsplan.
6. Spesielle utgreiingsbehov/tilleggsrapport	

5. Viktige utgreiingstema for planarbeidet	
1. Planfaglege vurderingar (utnyttingsgrad, krav til stigning, estetikk, med meir)	Ingen spesielle tema å drøfte nærare. Kommuneplan og andre aktuelle føringar ligg til grunn.
2. Strandsone til sjø og vassdrag	Ikkje aktuelt.
3. Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar	Bruk av landbruksareal må greiast ut i planinitiativ og planforslag.
4. Miljøvern-faglege vurderingar (biologisk mangfald, forureining, friluftinteresser, med meir)	Ikkje aktuelt.
5. Kulturlandskap og kulturminner	Ikkje aktuelt.
6. Samfunnssikkerheit og beredskap (omsynssoner, grunnforhold)	Grunnforhold må kommenterast i planinitiativ og planforslag. Potensielt må ein rekne med å gjennomføre geologisk vurdering. Dersom det vert aktuelt med geologisk vurdering kan det vere aktuelt med kostnadsdeling mellom kommune og forslagsstillar.
7. Barn, unge, eldre og funksjonshemma sine interesser (leikeplassar, universell utforming, med meir)	Teke i vare.
8. Kommunikasjon, veg og vegtekniske forhold/trafikkisikkerheit, støy (Parkering, trafikkplan, kryss, med meir)	Støyanalyse har ein frå 2007 og 2018, denne kan nyttast. Nyttå Vegprofil Adkomstveg II (frå Ålesund kommune) med følgjande endring: skulder 0,25 og gangveg 2,5 m. Frisikt i tenkt kryss ved Drammensvegen kan utformast etter mal frå Ålesund kommune (15x30 m), fartsgrense 30 km kan leggest til grunn for begge vegane i planområdet.
9. Kommunaltekniske anlegg (veg, vassforsyning, avlaup, fjernvarmeanlegg, el-forsyning, tele, overvatn)	Offentleg vatn og avløp. Overvatn: må greiast ut i planomtale/planforslag.
10. Økonomiske konsekvensar for kommunen	Overtaking av infrastruktur, dette vert regulert i utbyggingsavtale.

6. Gebyr
Jamfør forskrift vert gebyret 5000,- (oppstartsmøte) + 50.000,- (planforslag). Dette vert fakturert i tråd med forskrift.

--

7. Kommunen sine råd og vurderingar:	
Tilråd oppstart av planarbeidet	Ja
Tilråd ikkje oppstart av planarbeidet.	Nei
Tilråd at forslaget leggjast fram for formannskapet.	Ikkje nødvendig.
Merknader:	

Stad, dato: Hareid, 10.12.2018, endra 03.01.2019.

Referent: Silja Øvrelid

Dette dokumentet er elektronisk signert.



MELDING OM VEDTAK

frå
møte i formannskapet 06.05.2019

Saksnr	Løpenr.	Klassering	Avd / sakshandsamar	Dato
2018/2240	4924/2019	20180002	EINPLA/ SILOVR	08.05.2019

PS 60/19 Politisk avklaring angående arealdisponering i strid med overordna kommuneplan - utviding av planområde på Brekkane

Formannskapet si handsaming:

Tilråding frå rådmannen:

Hareid formannskap godtek planlagt utviding av planområdet for detaljregulering for Brekkane. Dette med bakgrunn i at det vil verte ei betre heilskapleg løysing for reguleringsplanen, samt at kommunen sine interesser knytt til offentleg tenesteyting i nokon grad er teke i vare andre stadar i kommunen. Det er ein føresetnad ved utviding av planavgrensinga at 15 daa vert avsett til offentleg tenesteyting (her av 10 daa til barnehageføremål og 5 daa til velferdsføremål). Desse 15 daa treng ikkje vere i tråd med område T1 i kommuneplanen, men dei må vere avsett innanfor planavgrensinga, og arealet må vere føremålstenleg. Administrasjonen vil vurdere kvar og kva areal som er føremålstenleg til barnehage og velferd i samråd med forslagsstillar for den private detaljreguleringsplanen.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Hareid formannskap godtek planlagt utviding av planområdet for detaljregulering for Brekkane. Dette med bakgrunn i at det vil verte ei betre heilskapleg løysing for reguleringsplanen, samt at kommunen sine interesser knytt til offentleg tenesteyting i nokon grad er teke i vare andre stadar i kommunen. Det er ein føresetnad ved utviding av planavgrensinga at 15 daa vert avsett til offentleg tenesteyting (her av 10 daa til barnehageføremål og 5 daa til velferdsføremål). Desse 15 daa treng ikkje vere i tråd med område T1 i kommuneplanen, men dei må vere avsett innanfor planavgrensinga, og arealet må vere føremålstenleg. Administrasjonen vil vurdere kvar og kva areal som er føremålstenleg til barnehage og velferd i samråd med forslagsstillar for den private detaljreguleringsplanen.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur



Hareid, 08.05.2019

Rett utskrift:

Anne Karete Mork
Utvalsekretær

Utskrift sendt: sakshandsamar for ekspedering





SAKSFRAMLEGG

Saksnr. 2018/2240	Løpenr. 4433/2019	Klassering 20180002
Sakshandsamar:	Silja Øvreid, Plan, byggesak og geodata	

Utvalsaksnr **Utval**
Formannskapet

Møtedato
06.05.2019

POLITISK AVKLARING ANGÅANDE AREALDISPONERING I STRID MED OVERORDNA KOMMUNEPLAN - UTVIDING AV PLANOMRÅDE PÅ BREKKANE

/ 2018/2240

Tilråding frå rådmannen:

Hareid formannskap godtek planlagt utviding av planområdet for detaljregulering for Brekkane. Dette med bakgrunn i at det vil verte ei betre heilskapleg løysing for reguleringsplanen, samt at kommunen sine interesser knytt til offentleg tenesteyting i nokon grad er teke i vare andre stadar i kommunen. Det er ein føresetnad ved utviding av planavgrensinga at 15 daa vert avsett til offentleg tenesteyting (her av 10 daa til barnehageføremål og 5 daa til velferdsføremål). Desse 15 daa treng ikkje vere i tråd med område T1 i kommuneplanen, men dei må vere avsett innanfor planavgrensinga, og arealet må vere føremålstenleg. Administrasjonen vil vurdere kvar og kva areal som er føremålstenleg til barnehage og velferd i samråd med forslagsstillar for den private detaljreguleringsplanen.


Utskrift til: sakshandsamar for ekspedering

Vedlegg:

Nr.	Namn	
1	Vedl_01_2816_900 Plangrense	30.04.2019
2	Innspel_samla_oppstartsvarsling	30.04.2019

Uprenta saksvedlegg:**Samandrag av saka:**

I slutten av 2018 tinga Per Mulvik AS på vegne av Trelast AS eit oppstartsmøte hjå kommunen for å starte planarbeid på Brekkane. Oppstartsmøte vart heldt i desember 2018, og oppstart av planarbeid vart varsla i midten av januar 2019. I løpet av høyringsperioden knytt til varsling om oppstart kom det inn fleire innspel, blant anna frå naboar, som førte til at Trelast AS ønskte eit møte med kommunen før ein forsette med planarbeidet. I dette møtet deltok også nabo og grunneigar Per Dimmen. I møtet vart ein einig i at det var føremålstenleg for planen si heilheit å utvide planavgrensinga. Men, sidan den tenkte bruken av arealet i detaljreguleringa er i strid mot kommuneplan er det behov for ei politisk avklaring om kor vidt det er ønskeleg å nytte arealet til noko anna.

Saksopplysningar:

Skissa over syner planavgrensinga slik den vart varsla i forbindelse med oppstart av planarbeid.




Vedlegg 05: Kommuneplan


Dato: 13.01.2019

Målestokk: 1:2500

Koordinatsystem: UTM 32N



På bildet over ser ein planavgrensning (rosa skravur) slik den vart varsla i forbindelse med oppstart av planarbeidet med kommuneplanen som bakgrunn. Som ein ser av planavgrensninga har ein tatt ein del av arealet som er avsett til offentlig tenesteyting, i tråd med tidlegare vedtak gjort av FSK (sak PS 30/18). Planområdet her er på om lag 39,5 daa.



På bildet over ser ein forslag til ny og utvida planavgrensning. Planområdet er her på om lag 70 daa. Den store forskjellen på den opprinnelege planavgrensninga og den nye planavgrensninga er at ein i den nye planavgrensninga har tatt ein større del av landbruksområdet i vest, samt ein har tatt med heile området T1 i kommuneplanen som er

avsett til offentlig tenesteyting. Det er ikkje intensjonen å gjere om heile T1 til bustadføremål i reguleringsplanen, men ein vil sitte igjen med eit mykje mindre areal til offentlig tenesteyting enn det som er avsett i gjeldande kommuneplan.

Det er avsett nok areal til skuleføremål i forbindelse med eksisterande skule. Her har ein sett av nok areal til alle grunnskuleelevar (1. – 10. trinn pluss eventuell befolkningsvekst) i heile kommunen i mist 50 år fram i tid.

Området T1 er i kommuneplanen avsett til framtidig offentlig tenesteyting (t.d omsorgsbustadar, barnehage, skuleføremål).

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vurderer det slik at areal til skuleføremål er godt nok teke i vare andre stadar for sentrumskrinsen (lenger aust i planområdet). Kommunen har også god barnehagedekning, både i privat og kommunale barnehagar, men, det er behov for areal til ein ny barnehage i relativt nær framtid, og dette er det einaste arealet ein har avsett til barnehage i kommunen. Det vil difor vere ein viktig føresetnad at sjølv om planavgrensinga vert utvida så må ein ta i vare omtrent 10 daa som kan vere føremålstenleg for barnehageføremålet.

Når det gjeld omsorgsbustadar og andre typar institusjonar er der prekære behov, men behovet er ikkje heilskapleg kartlagt på noverande tidspunkt. Dette er eit arbeid som er starta opp og er forventa gjennomført i løpet av året. Ein veit i dag at ein har areal til dette føremålet avsett andre stadar i kommunen, men truleg har ein for lite areal dersom heile arealet på T1 forsvinn. Ein har nok grunnlag til å sei at også på Brekkane er det behov for å bevare delar av området til offentlig tenesteyting i forbindelse med dei tenestane sektor for velferd skal levere. Det er difor ønskeleg at 5 daa vert teke vare på til offentlig tenesteyting som kan vere føremålstenleg for velferdsføremål.

Med bakgrunn i dette rår difor rådmannen Hareid formannskap til å godta planlagt utviding av planområdet for detaljregulering for Brekkane. Dette med bakgrunn i at det vil verte ei betre heilskapleg løysing for reguleringsplanen, samt at kommunen sine interesser knytt til offentlig tenesteyting i nokon grad er teke i vare andre stadar i kommunen. Det er ein føresetnad ved utviding av planavgrensinga at 15 daa vert avsett til offentlig tenesteyting (her av 10 daa til barnehageføremål og 5 daa til velferdsføremål). Desse 15 daa treng ikkje vere i tråd med område T1 i kommuneplanen, men dei må vere avsett innanfor planavgrensinga, og arealet må vere føremålstenleg.

Folkehelse konsekvensar: Vert avklara i plan

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende.

Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende.

Beredskapsmessige konsekvensar: Vert avklara i plan.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Hareid, 26.04.2019

Ragnhild Velsvik Berge
rådmann

Kai-Rune Bjørke
Kommunalsjef